

SMITTEVERNREGLAR for Sandnes skule – GULT NIVÅ, gjeld frå 23.oktober 2020.

Skulen skal vere ein trygg og god stad å vere for både elevar og tilsette.

Tiltaka har fokus på **sjukdom, hygiene og kontakt**. Dei baserer seg på dei nasjonale smittevernrettleiarane for skule. Dei kan de lese her:

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/skoletrinn-1-7/>

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/ungdomsskole-vgo/>

Sjukdom	Tiltak	Ansvar
	<p>1. Sjuke personar skal ikkje vere på skulen/SFO:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevar skal sjølv med milde luftvegssymptom og sjukdomskjensle, ikkje møte på skule/SFO. Dei skal halde seg heime til dei er blitt testa for covid-19 og svaret er negativt. • Når dei har fått stadfesta covid-19. • Når dei har hatt nærkontakt med ein person som har stadfesta covid-19. 	<p>Føresette</p> <p>helsetenesta</p> <p>helsetenesta</p>
	<p>2. Elevar kan kome på skulen/SFO når:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dei ikkje har symptom på sjukdom. • Nokon i hustanden er sjuke, men ikkje covid-19. • Ein veit at symptoma er pollenallergi. • Dei har rennande nase utan andre symptom. • Elevar og tilsette kan komme tilbake til skulen når dei føler seg friske og feberfri, sjølv om dei framleis har nokre symptom på luftveisinfeksjonar og det er stadfesta at det ikkje er covid-19. 	<p>Føresette</p> <p>Føresette</p> <p>Føresette</p> <p>Føresette</p> <p>Tilsette og føresette</p>
	<p>3. Viss symptom/sjukdom oppstår på skulen/SFO:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Har skulen rutinar for å ta seg av eleven heilt til eleven vert henta (så fort som mogleg). 	<p>Kontaktlærer/leiing</p>
	<p>4. Hente og bringe til skulen/SFO:</p> <p>Føresette som har luftvegssymptom, eller er i karantene/isolasjon kan ikkje hente/bringe barna sine til og frå skulen.</p> <p>Føresette bør unngå å komma inn i skulebygget, bringing/henting bør skje utandørs</p>	<p>føresette</p>
	<p>5. Føresette som ikkje ønskjer å sende barna sine på skulen må ha legeerklæring.</p>	<p>Føresette</p>
Hygiene		

	<p>1. <u>Me vasker hender med lunka vatn og såpe:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Før me reiser til skulen • Når me kjem heim • Når me kjem til skulen/SFO • Etter me har hosta/nyst • Etter me har vore på toalettet • Før og etter mat • Når me kjem inn etter å ha vore ute • Når me ser at me har skitne hender 	<p>Føresette Føresette</p> <p>Tilsette på skulen som har med barna å gjere i desse situasjonane</p>
	2. Me har handsprit og våtserviettar dersom me ikkje kan vaske hender, til dømes på utedag.	Tilsette på skulen
	3. Me har tørkepapir i klasseromma/SFO til å hoste/nyse i.	Kontaktlærarar
	4. Me har ekstra reinhald på toalett, dørhandtak og gelender, bordflater, leikar og tastatur/skjerm.	Leiing, tilsette og reinhaldstenesta
Kontakt		
	1. Elevane er delte inn i grupper som tilsvarar klassane sine.	Leiing
	2. Elevane skal byte klasserom minst mogleg. Må dei byte, skal dei vaske hendene sine.	Leiing/lærarar
	3. Elevane har faste pultar/arbeidsplassar, men kan ha vanlege aktivitetar i klasserommet.	Kontaktlærar
	4. Elevar på SFO er samla i ei gruppe.	Tilsette på SFO
	5. Me er ute så mykje som mogleg.	Tilsette på skule/SFO
	6. Tilsette vaskar hender etter kos og nærkontakt med elevar.	Tilsette på skulen
	7. Klassane møter opp ulike stadar før skuledagen begynner, og læraren ser til at det ikkje vert trengsel og tett kø.	Kontaktlærar og andre tilsette.
	8. Føresette skal ikkje gå med inn på skulen viss mogleg.	Føresette
	9. Skulen har god bemanning for tilsyn i friminutta for å hjelpe elevane med å halde avstand.	Leiing og den einskilde tilsette
	10. Deling av skulesaker/bøker/utstyr skal avgrensast. Vert det delt, må ein reingjere etterpå.	Tilsette
	11. Elevane skal ikkje dele mat og drikke. Elevane bør sitte ved kvar sin pult når dei et.	Tilsette
	12. Elevane sit ved kvar sin pult når dei et. På SFO sit dei med god avstand.	Tilsette
	13. Leikar kan ikkje takast med heimeifrå.	Føresette/kontaktlærar
	14. På skulebussen bør det sitje eit barn per	Tilsette, skyss og

	dobbeltsete eller søsken saman på dobbeltsete.	føresette
--	--	-----------

Her er råda i høve handhygiene frå FHI:

Tabell 2. Hvordan skal handhygiene utføres.

Håndvask

- Fukt hendene i lunkent vann
- Påfør såpe (parfymefri, pH <5,5)
- Fordel såpen over alle overflater på begge hender
- Skyll hendene godt
- Klapptørk hendene med gode papirhåndklær (ikke gni, det gir såre hender)
- Skru av kranen med papirhåndkleet

Hånddesinfeksjon

- Ta hånddesinfeksjonsmiddel i hånden
- Fordel middelet godt på begge hender, og gni lett inn i huden
- Når hendene er tørre, er de rene

Hudpleie:

Det oppfordres til å smøre hendene ved behov. Ved bruk av felles tuber, tilse at åpningen på tuben ikke kommer i kontakt med hud eller gjenstander under bruk slik at kremen ikke forurenses.

[Les mer om råd for handhygiene, inkludert valg av produkter, fremgangsmåte og hudpleie på FHIs nettsider.](#)